

Saksliste for styremøte i Vestkystparken 30. august 2018:

Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 1/2018: Godkjenning av referat frå styremøtet i Vestkystparken 5. april 2018.
(vedlegg 2).

Forslag til vedtak: Styret godkjenner referatet.

Sak 02/2018: Rekneskap og budsjett. Rekneskap og forslag på budsjett for 2019 blir lagt fram på møte. Eventuelle restmidlar på budsjettpost studietur vert nytta til å kompensere reiseutgifter for friluftsråda i Vestkystparken.

Forslag til vedtak: Godkjenner rekneskap og budsjett. Styret godkjenner bruken av evt. restmidlar frå studietur 2018.

Sak 03/2018: Handlingsplan – Prioriteringar for 2019

Som ein del av vedtaket i sak 04/2016 «Handlingsplan 2016-2019» skal handlingsplanen følgjast opp rutinemessig ved at det på styremøtet om hausten vedtakast prioriteringar for neste år. Handlingsplanen er vedlagt (vedlegg 3). Forslag om å prioritere følgjande tiltak for 2019:

- Samordne Skjærgårdstjenestens interesser og mål
- Utvikle felles digitale løysingar for forvaltning og drift.
- Arbeide for å auke det statlege tilskot til Vestkystparken til same nivå som for andre Skjærgårdsparkar, ved å synleggjere dei lokale og regionale bidraga.
- Utvikle og betre samarbeidet med Statens Natur Oppsyn (SNO).
- Arbeide for ein bærekraftig modell for handtering av herrelaust avfall

Forslag til vedtak: For 2019 vert følgjande tiltak i handlingsprogrammet prioritert for 2019:

- Samordne Skjærgårdstjenestens interesser og mål
- Utvikle felles digitale løysingar for forvaltning og drift.
- Arbeide for å auke det statlege tilskot til Vestkystparken til same nivå som for andre Skjærgårdsparkar, ved å synleggjere dei lokale og regionale bidraga.
- Utvikle og betre samarbeidet med Statens Natur Oppsyn (SNO).
- Arbeide for ein bærekraftig modell for handtering av herrelaust avfall

Sak 4/2018: Vestkystparken.no og forvaltningsløsninga

Nettsidene til Vestkystparken oppfyller ikkje ny webstandard, og treng å fornyast. No er det i gjennomsnittleg 10-15 brukarar pr. dag. Det er forslag om to ulike modellar:

1. Dersom alle friluftsråda i Vestkystparken går inn i fellesløsninga med FL og Avinet, kan ein etablere nye nettsider for Vestkystparken basert på same løysing som BOF har på eigne nettsider (bof.no). Friluftsinformasjon med tekstinformasjon, areal og innretningar i uthamner og friluftsområder frå dei enkelte friluftsråd kan då speglast ut på Vestkystparken.no. Då vart det mykje enklare å lage forvaltningsplanar. BOF fekk prisoverslag frå Avinet på 182 000 kr, samt årlege driftskostnadar på 45 000 kr.
2. BOF fornyar Vestkystparken.no til ny webstandard og beheld eksisterande google kart. Lenkane frå uthavnene til kvart enkelt friluftsråd må då oppdaterast. Miljødirektoratet er utfordra til å halde kort innlegg på styremøtet 30. august om sine digitale planar samt finansiering til dette framover.

Forslag til vedtak: Styret vedtek oppgradering av nettside i 2019, og set av inntil 200 000 kr til dette i budsjettet for 2019.

Sak 5/2018: Eventuell utviding av Vestkystparken

I samband med regionsreforma bør ei utviding av Vestkystparken nordover vurderast. Fjordkysten friluftsråd, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal og Sunnmøre friluftsråd kan vere aktuelle kandidatar. Om fleire aktørar skal inkluderast i samarbeidet er det ein føresetnad om friske midlar frå det offentlege. Møre og Romsdal fylkeskommune har løyvd ei årleg ramme på inntil 400 000 kr til drift av skjærgårdstjeneste + 2.5 millionar kr til ny båt og driftsutstyr. Miljødirektoratet har ikkje endeleg avklart kor mykje Skjærgårdstjenesta i Møre og Romsdal vil få i tildeling for 2018. Vestkystparken er omtala i dokumenta knytt til det nye Vestlandsfylket og vil vonaleg verte ein del av budsjettprossessen i Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2019. Vestlandsrådet har engasjert seg sterkt i arbeidet med marin forsøpling, og satsar på friluftsråda og Skjærgårdstjenesten som viktige verkemiddel i arbeidet.

Forslag til vedtak: Styret stiller seg positive til utviding av Vestkystparken nordover, under føresetnad at det vert tilført friske midlar frå stat, fylke og kommunar på tilsvarande nivå som i Hordaland og Rogaland.

Sak 6/2018: Eventuelt nytt namn på Vestkystparken

Namn og logo bør reflektere ei felles forståing av kva og kven Vestkystparken er. Mange kjenner til Skjærgårdstjenesten, men ikkje like mange er kjend med kva Vestkystparken er. Viktig å sjå i samanheng med ei evt. utviding av Skjærgårdstjenesten nordover, samt dei nye oppgåvene Vestkystparken får ved regionsreforma. På styremøtet 5. april kom det

forslag om å endre namnet til Skjærgårdstjenesten Vest og at ein skal nytte felles nasjonal logo. I dialog med Miljødirektoratet vert dette fraråda da Vestkystparken omhandlar oppgåver utover det skjærgårdstjeneste innebær. Det er ikkje utarbeidd ein felles kommunikasjonsplan for Skjærgårdstjenesta.

Forslag til vedtak: Styret oppmodar Miljødirektoratet til å utarbeide felles kommunikasjonsplan for Skjærgårdstjenesta. Styret avventar å utarbeide ein eigen kommunikasjonsplan for Vestkystparken.

Sak 7/2018: Statleg medfinansiering av Vestkystparken

Handlingsprogram for friluftsliv har aktualisert eit møte med Klima- og miljødepartementet om finansieringen av Skjærgårdstjenesten. Temaet for møtet vert mellom anna å auke det statlege tilskotet til Vestkystparken til same nivå som for dei andre skjærgårdsparkane, ein føreseieleg finansiering av fjerning av maritim forsøpling og auka finansiering til å bistå SNO med oppsyn og skjøtsel av naturområder. Forslag til datoar for møte med Klima- og miljødepartementet vert lagt fram på møtet.

Forslag til vedtak: Følgjande personar deltek på møtet med Klima- og miljødepartementet:

Sak 8/2018: Vurdering av fordelingsnøkkelen.

Eit av punkta i handlingplanen til Vestkystparken er å evaluere den interne fordelingsnøkkelen. Evalueringa vart prioritert i 2017, men pga. uklarheit rundt utviding av Skjærgårdstjenesta og framtidige oppgåver (marin forsøpling) hjå sentrale myndigheiter vart saka utsett til hausten 2018, i påvente av departementet sin *Handlingsplan for friluftsliv*. Handlingsplanen har ikkje gjeve mange svar og SU ser det difor best å ikkje gjere store endringar i fordelingsnøkkelen på dette tidspunkt. SU ser likevel moglegheit til å finjustere dagens nøkkel gjennom dei tre parameterane *folketal, områder og budsjett* og deira vektning og grunnbeløpet. Døme på ulike justeringar vil bli presentert på møtet.

Forslag til vedtak: Styret vedtek følgjande fordelingsnøkkel for fordeling av midlar til driftsoptørane i Vestkystparken: (fordelingsnøkkelen setjast inn i referatet, evt. som vedlegg).

Orienteringssaker:

- Handlingsplan for friluftsliv- natur som kilde til helse og livskvalitet (KMD, 2018).
- Orientering frå landsstyret i FL

